

Planprogram  
for kommunedelplan

# Kulturminne

2016 - 2019



Bremanger kommune

## 1.0 Innleiing

---

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

*«God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner.*

*Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig auke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging.»*

Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan og registreringsarbeid. Bremanger kommune har i «Kommunal planstrategi» vedteke å utarbeide kommunedelplan for kulturminne i Bremanger, og kommunen har fått tildelt midlar til arbeidet.

Vilkåra for tildeling frå Sogn og Fjordane fylkeskommune seier fylgjande;

- Det skal ligge føre tidfesta plan for gjennomføring av registreringar og utarbeiding av kulturminneplan.
- Det skal ligge føre politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan.
- Kulturminna som vert registrert skal leggjast inn i kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med kulturminnesøk.
- Det skal utarbeidast korte statusrapportar om framdrift som skal sendast til fylkeskommunen to gongar årleg inntil arbeidet er slutført.

## 2. Bakgrunn og føremål

---

### 2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av plan – og bygningslova blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet. Det er ei forventning frå Staten at kommunane registrerer og verdiset kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider inn desse i

planar etter plan- og bygningslova. Ein Kulturminneplan er tenkt å skulle vere eit godt verktøy og gje eit solid grunnlag for arbeidet. Kommunedelplanen for kulturminne vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i kommunen si verksemd.

Kulturminneplanen er eit plandokument som er mynta på sakshandsamarar i kommunen.

Ein ynskjer og at planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til kommunen sine innbyggjarar. Planen vil også gje føringar for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen er viktig med tanke på stønadsordningar kring rettleiing i bruk og vedlikehald.

Både skulevesen, næringsliv og kultursektor kan nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar.

I forvaltninga innan areal-, plan-, og byggjesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming.

I planen ynskjer ein å utgreie:

- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt,
- kva kulturminne som skal takast vare på,
- kva tiltak som må i verk settast for at ein skal ta vare på kulturminna.

Vi må finne ut kva kulturminne som er viktigast for Bremanger, som representerer og fortel om Bremanger sin kulturarv og identitet.

## **2.2. Føremålet med planarbeidet**

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal bidra til:

- Auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
- Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- Oppdaterte nasjonale databasar (Askeladden og Kulturminnesøk)
- Betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- Utvikling av eit godt samarbeid mellom ulike kulturminneaktørar
- Nytte dei lokale kulturminna aktivt i kommunen sitt utviklings- og verdiskapingsarbeid.

## **2.3. Forskrift om konsekvensutgreiing**

Forskrift om konsekvensutgreiing er ikkje relevant for denne planen.

## **2.4. Føremål med planprogrammet**

Gjennom arbeidet med planprogrammet skal det avklarast korleis kommunedelplanen skal innrettast, samt omfang og innhald. Arbeidet med planprogrammet er også ein prosess der kommunen kjem fram til

kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø og kva som skal vere målet med planarbeidet.

Ein skal og kome fram til prioriterte satsingsområde/-er innan kulturminne.

Planprogrammet er eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet. Som eit minimum skal planprogrammet gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosess og medverknad.

### **3. Planområde – avgrensing**

---

#### **3.1. Kva er viktige kulturminne?**

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar og verdier i lokalsamfunnet. Kulturminne kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi.

Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss? Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss? Og Kva kan vi bruke kulturminnet til?

Det er opp til Bremanger kommune å avgjere kva som er viktige kulturminne, og som i så fall skal omhandlast i kulturminneplanen. Men kulturminnet kan også ha regional eller nasjonal verdi.

I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vere på eit internasjonalt nivå, som til dømes Vingenfelta.

#### **3.2. Ulike tema under kulturminneomgrepet:**

Ein må gå igjennom eksisterande kunnskap, vurdere om det må føretakast kontrollregistreringar, eller om det skal registrerast på andre måtar enn det er registrert i dag. Ein må vurdere om det skal gjerast tiltak med eldre registreringar, som til dømes digitalisering, og vurdere kvaliteten på det nytta materialet.

Gjev kulturminna som alt er registrert eit godt og dekkande bilde av dei lokalhistoriske forholda?

I kulturminneplanen vil ein lage ei kortfatta skildring av Bremanger si historie og oversikt av ulike kulturminne.

Avgrensing er ikkje gjort men aktuelle tema for denne delen er:

- Vår eldste historie
- Kystmiljø
- Krigsminner
- Jordbruk
- Næring og industri
- Vegar, Ferdselsårar
- Setermiljø
- Busetnadar og bustadtypar/ bygningar
- Skulehistorie
- Kyrkjer, kyrkjegardar, gravplassar
- Immaterielle kulturminne som stadnamn og tradisjonar

### **3.3. Prioriterte område / områder (satsingsområde) i Bremanger**

Kulturminnefeltet er stort, og no i planprogramfasen skal ein kome fram til område/-er som er særmerkte og viktige for Bremanger. Det vil kanskje også verte naudsynt å gjere avgrensingar innanfor satsingsområder. Det ein endar opp med som dei viktigaste kulturminna, som fortel om og representerer det særmerkte innan Balestrand sin kultur og identitet skal registrerast og verdivurderast

Styringsgruppa for kulturminneplanen føreslår 5 hovudpunkt som satsingsområde, og ynskjer at innbyggjarar i Bremanger tek stilling til om dette er våre viktigaste kulturminne, det særmerkte som fortel om kommunen sin kultur og identitet. Eit val av satsingsområder inneber at ein i denne omgang vel vekk andre område. Dei vil få ei kort omtale i kulturminneplanen, men vert ikkje lagt spesiell vekt på i handlingsdelen. Ved seinare politisk handsaming er det likevel mogeleg å få inn andre kulturminne i handlingsplanar. Vi ynskjer og at innbyggjarar brukar registreringsverktøyet og databasen kulturminnesøk og registrerer kulturminne både innan og utanfor satsingsområde.

Planen skal kome med forslag til omsynssonar og føresegner for desse og enkelt minne der det er aktuelt.

Dei hovudpunkta ein føreslår er:

- Kystkultur
  - Båtar, utstyr, bygningar, kompetanse, fiskemed
- Industrihistorie
  - Utbygging av vasskrafta, industrireising
- Den eldste historia
  - Gravhaugar, bergkunst, busetnadar
- Minne frå primærnæringa
  - Jordbruk, skogsdrift, stølsliv, daglegliv, stadnamn i utmark
- Krigsminne
  - Tyske anlegg, motstandskamp, skipsvrak

## **4. Planprosessen - deltakarar, medverknad og tidsfristar**

---

### **4.1 Organisering av planarbeidet**

Overordna ansvar for kulturminneplanen ligg til kultursjefen. Medlemmane i Sogenemda følgjer opp dei ulike bygdene i registreringsarbeidet.

Fylkeskommunen ved prosjektleiar for lokale kulturminneplanar deltek som observatør og rådgjevar etter trong.

Referansegruppa er samansett av:

1-2 representantar frå kvart av Kystlaga  
1-2 representantar frå Jørntunet  
1-2 representantar frå Tongane kulturlag  
Sogenemda

## **4.2 Deltakarar**

Følgjande aktørar vert tilsendt planprogram og planutkast (kan bli supplert);

Offentlege planinstansar  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune.  
Kolset Krins utviklingslag  
Ålfoten Grendalag  
Davik utviklingslag  
Nye Bremanger  
Svelgen opp og fram  
Botnane og Årebrot Grendalag  
Grunneigarar som vert direkte berørte av tiltak  
Kystlaget Hornelen  
Kalvåg kystlag  
Tongane kulturlag  
Jørntunet  
Pensjonistlaga  
Skulane  
Barnehagane

## **4.3 Opplagg for gjennomføring av planarbeidet**

I samband med utarbeiding av plan har kommunen fått tilskot frå Riksantikvaren til å registrere kulturminne. Kommunen står fritt til bestemme kva for type kulturminne vi ynskjer å registrere og det er heller ikkje lagt opp til at dei som registrerer skal ha spesielle forkunnskapar for å utføre registrering. Riksantikvaren har utvikla «Kulturminnesøk.no» som er ein ny nasjonal publikumsportal som formidlar alle registrerte kulturminne. Bremanger kommune nyttar denne portalen som database for registreringane. Fylkeskommunen er til hjelp med å arrangere kurs i registrering og kulturminnesøk og elles fagleg rådgjeving undervegs i registreringsprosessen

Historiedag vart gjennomført 22. mars 2015. Registreringskurs blir gjennomført 29. april 2015. Truleg vil ein måtte bistå med rettleiing og hjelp til registrering utover dette.

#### **4.4 Verktøy/ hjelpemiddel**

Følgjande dokument vil kunne vere til hjelp i planarbeidet:

1. Registrering av kulturminne og kommunedelplan for kulturminne  
Håndbok for lokale registreringer.  
Riksantikvaren har laga ei handbok for gjennomføring av lokale registreringer av kulturminne på internett. Handboka kan lastast ned frå Riksantikvaren si nettside. Målet med handboka er todelt, det eine målet er å styrke kunnskapen om kulturminne. Det andre er å få oversikter over kulturminneverdiane for å gjere rette val i forvaltninga av kulturarven.
  
2. Kulturminne i kommunen – Kulturminneplaner  
Utgjeve i november 2013 av Riksantikvaren. Dette er ein kulturminneplanrettleggjar som er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med kommunedelplaner for kulturminne og kulturmiljø. Målgruppa er kommunar som skal i gang med, eller har starta arbeidet.
  
3. Tidlegare registreringar i Bremanger kommune  
Det er gjennomført fleire kulturminneregistreringar i Bremanger. Desse skal nyttast som grunnlag for planarbeidet.  
Døme er:
  - SEFRAK - register: Eldre bygningar og andre kulturminne (landsdekkande),
  - Tyssen rapporten er laga på bakgrunn av SEFRAK registreringane
  - Askeladden – register: Offisiell database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg.
  - Stadnamn i Bremanger kommune, Fylkesarkivet 1995
  - Fylkesatlas (nettstad)
  - Geoatlas (nettstad)
  - Bremanger Bygdebok band 1-4 2006